

«DET STORE HUNGERSÅRET» 1695

Då stortingspresident Wilhelm Christie vitja Solvoren i 1826 viste dei han ein bautastein med årstalet 1695. Steinen vart kalla for «Hungersteinen», og han vart reist til minne om den store hungersnauda som var i 1695.

1695 var eit uvanleg kaldt år. Isen i Polhavet passert Island og kom sør til Færøyane. I Finland døydde tusenvis av menneske; og mange drog vestover etter mat. I Trøndelag var det frost i august månad («det store froståret»). Både på Austlandet og Trøndelag høyrer ein om utdeling av korn frå militære lagre. I Rogaland var det våren 1695 epidemiar med mange som døydde, og «svart hav».

I 1826 var nok minne om hendingane endå levande. Det er likevel ikkje stort ein i dag veit om korleis ein hadde det i Sogn. Bygdebøkene frå Sogn fortel heller ikkje stort.

I år er det 300 år sidan «det store hungersåret». Det kan då vera høveleg å minnast kva som hende. Eg kan då nytta høve til å spørja om nokon av lesarane til «Kjelda» som kjenner kjelder om kva som skjedde i Sogn i 1695? Det ville vera flott om du kunne dele det med oss andre!

Klimaet

1695 er midt i den tida ein ofte kallar «den vesle istida». I denne tida auka Jostedalsbreen og vart større enn nokon gong sidan siste istid, som tok slutt for 9-10.000 år sidan. Den eldste kjelda ein har om at breen auka var i Nordfjord i 1668. Han auka fram til omlag 1748. Auken i breane vert oftast forklart med at det var ein periode med svært kalde sumrar.

Ein har ikkje instrumentelle temperaturmålingar i Noreg før i 1761. Går ein til Midt-England har ein der temperaturmålingar som går frå 1698. Ser ein på sumartemperaturen for tida 1698-1750 og samanliknar han med tida 1698-1950 har dei to periodane nøyaktig den same middeltemperaturen! Ein kan ikkje hatt ein svært kald periode i Noreg og ein periode med normale temperaturtilhøve i England! Ser ein òg på folketal og kornproduksjon i Jostedalen var det ein stor vekst og kraftigare enn i nabobygdene. Det ville neppe kunne skje om temperaturen var svært låg. Jostedalen ville då ha vore ramma ganske fort økonomisk.

Korleis skal en så forklåra det klimaet ein hadde i perioden? Ser ein seg om i Noreg er det skadar fleire stadar i landet som hadde si årsak i klimatilhøva. Det fyrste er veksten i breane. Den andre er sandflukten på Jæren. Sand frå strendene føyk innover og la mange gardar øyde langs heile Jærkysten. Den tredje er at ein særleg i Sunnfjord og Nordfjord hadde svært mange flaumar og skred i tida 1650-1760. Det er ikkje lett å få alle desse hendingane til å passe saman med ein typisk vertype.

Ser ein på kva som styrer veksten av breane er det i hovudsak nedbøren (snømengden) om vintrane og smeltinga (temperaturen) om sumaren. Om det ikkje var temperaturen lyt det vera nedbøren om vinteren. I Trøndelag skreiv Gerhard Schøning i 1761 om avlingskadar i tida 1670-1707. Årsakene knyter han i 8 av åra til nedbør, 7 år til kulde og 2 år til varme. Store nedbørsmengder gjer òg ein god forklaring på kvifor breane auka og kvifor ein fekk flaumar og skred. For å forstå hendingane på Jæren lyt ein i tillegg gå ut frå at det var store variasjonar

i veret. Skiftingar som var langt større enn kva ein er vane med i dag. I eit slikt klima lyt ein nok tolka hendingane i 1695.

Solvoren i 1695

Kvifor ein akkurat i Solvoren kom til å reise eit minnesmerke om året 1695 veit ein ikkje. Solvoren var ein av tre handelsstader i det som no er Luster kommune. Solvoren var en stad der folk møttest, og ein høyrde gjete om hendingar frå fjern og nær. Bautasteinen kan då vera eit minne om meir enn berre hendingar i Solvoren.

Kjeldene om året 1695 frå det som no er Luster kommune sviktar nesten heilt. Tingboka manglar, kyrkjebøker har ein ikkje, skifteprotokollane manglar, men nokre skatterekneskap har ein. Dei fortel heller ikkje stort. Talet på dei som skatta var lågare enn i åra før og etter, men det seier ikkje mykje.

Bøndene i Solvoren må høyrte gjete om breen som auka. Fyrste gongen ein høyrer om at breen gjorde skade i Jostedalen var i 1684. Dei må òg ha høyrte om andre hendingar. I 1682 var det store skred som skada mange gardar på Veitastrondi. I 1675, 1685 og 1686 var det skred på Sande. Det var likevel ikkje så mange hendingar og ikkje noko som ramma Solvoren.

I 1694 var det mange og omfattande skader fleire stader i Luster. I Jostedalen høyrer ein at det i januar var så mykje snø at ein ikkje kunne komma seg frå dalen. På Alme forsvann folk, hus, åkrar og fe i eit stort fjellskred. På Sande gjekk det nesten like ille i eit anna skred. I Gaupne fekk ein flaum og Jostedalselva endra faret sitt og gjorde store skadar på eng og åkrar. Dei gardane som vart råka var særleg Tandle og Flattun, men òg Prestegarden, Øvrebø, Haugen, Svangstu, Bollingberg, Valde, Drevdal og Sandvik. Igjen er det ikkje nokon opplysningar om tilhøva i Solvoren, men ein høyrer frå Hafslø om mange bruk og jorde som låg øyde på grunn av det dyre settekornt. Ein lyt då gå ut frå at ein i 1694 sådde mindre korn enn kva som var vanleg. Dei fekk nok òg mindre avlingar enn kva som var vanleg. I tillegg høyrer ein at skadane i Gaupne kom då «ageren stod med sin fulde grøde og nesten var moden». Ein har altså fleire stadar i Luster hatt eit dårleg utgangspunkt til å møte året 1695.

To vanskelege år etter kvarandre kan ha vore årsaka til at 1695 vart ekstra ille, men ein manglar kjelder... Det ser likevel ikkje ut til at et skjedde større naturkatastrofer i Luster i 1695.